



Årsmelding
for
Voss Idrottsråd
(VIR)
2013



Styrets si samansetning

| FUNKSJON | NAMN | LAG |
|-----------------------------|---|--------------------------------------|
| Leiar: | Heidi Olsen Nedkvitne | Ørnar IL |
| Nestleiar: | Randi Knapstad | Bjørgum IL |
| Skrivar : | Terje Græe | Voss Motorsportklubb |
| Kasserar og IT ansvarleg | Inge Arild Lirhus | Bulken IL |
| Styremedlem: | Nils Een | Ørnar IL |
| Styremedlem: | Solvår Dolve | Ørnar |
| Varamedlem: | Sølvi Løne | |
| Valgkomité: | Jorunn Lødemel Arvid Birkeland Reidar Flatabø | Voss IL Voss Karateklubb Eldar |
| Revisorar: | Terje Eide og Nils Inge Håland | |

Styrets arbeid i 2013

Styremøter

Det er avvikla **xx** styremøte og **xx** saker er handsama.

2013 har for VIR bestått i dette arbeidet:

SAMARBEID OM ARRANGEMENTET «VOSS UP»- 23 AUGUST

VIR og Voss Kulturråd er invitert til å ha eit arrangement i samband med Voss Up helga- annakvart år. Dette året var det VIR som hadde arrangementet og me hadde Jan De Lange som held foredrag for idrettsfolk, foreldre og utøvarar om Anti Doping arbeidet- fredag den 22.august. Foredraget var i Voss Kino. Eit flott foredrag som dessverre ikkje fekk så god oppslutning.

TEMAPLAN FOR IDRETT OG FRILUFTSLIV- MØTE MED MEDLEMMANE 22.MAI

VIR inviterte medlemmane til å koma med innspel til temaplan for idretts og friluftsliv i Voss Kommune. Her fekk me mange gode innspel og signal frå medlemmane. Ein er einig om at me vil løfte fram sak om symjeanlegg og Bømoløypa som ein felles prioritet i idretten. Elles så har idrettslag og organisasjonar sine utfordringar som dei saman med idrettsrådet må jobbe fram.

Ein diskuterte og omprioritering og nedskjæring av kommunale midlar idretten. Fleire av idrottsanlegga i kommunen har avtalar med kommunen om at driftsutgifter delvis vert dekkja dirrekte av kommunen. Ein ynskjer at Voss Kommune kan sjå på om det er mogleg å finna løysingar for sparing av mellom anna straum.

VM I TISCH-ICE HOCKEY- Kommunen var bede om å organisere og tilrettelegge for at dette arrangementet vart avvikla på Voss. Heidi stilte frå VIR.

SYMJEANLEGG

Det har vore møter i samband med å få til eit symjeanlegg. Randi har delteke frå VIR.

HIK SIN ÅRLEGE IDRESSRÅDSKONFERANSE

Det var ingen som hadde høve til å delta på Hordaland Idrettskrets sin årlege Idrettsrådskonferanse 8.-9. november.

Kontakt med Voss Kommune:

Idretts og folkehelsekoordinator Nils Helge Kvamme har delteke på fleire av VIR sine styremøter. Det var også eit godt samarbeid med kommunen i samband med Voss Up dagen, der me arrangerte foredrag med Antidoping tema. Etter samarbeidsavtalen er inngått med Voss Kommune, kan ein likevel ikkje seia seg heilt i mål med samarbeid mellom kommune og IR.

Spelemidlane:

Spelemidlane vart prioriterte etter forslag frå administrasjonen som skal følgja m.a desse prioriteringskriteria: ferdigstilte anlegg og alle søknadar skal deretter vera prioriterte etter når dei er søkt. For 2013 vart det for Voss Kommune sin del tildelt kroner: _____.

Eldsjelpris- leiar var med i prosessen med å velja ut årets eldsjel - som Voss Sparebank deler ut. Den gjekk i fjor til Bjørne Møen.

VIR sin kontaktperson i Hordaland Idrettskrets er også i år Svein Erik Burud. I tillegg jobber me veldig godt og får god oppfølging av Anne Kristine Aas.

Edvard B Hegbom sin minnepris og utøvarstipend vart i 2013 tildelt:

- Lars Terje Tveito frå Voss IL- som fekk heidersprisen.
- Åsne Ulvund frå IL Eldar fekk utøvarstipendet.

Lokale aktivitetsmidlar (La-midlar)

Tidlegare har tildelinga vore slik :

| 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 |
|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|
| 539 255,- | 461 266,- | 451 252,- | 449 899,- | 468 614,- |

Tildelinga av midlar vart gjort på bakgrunn av "Kjørereglar for fordeling av aktivitetsmidlar til idrottsлага på Voss", gjennomgått og godkjend på årsmøte 2012.

VIR oppmodar alle lag om å registrera alle aktivitetar for barn frå 6-18 år slik at dei får for den aktiviteten som er i laget.

Vurdering av aktivitet i forhold til mål

2013 hadde me planer om å ha meir kontakt med medlemmane. Me har ikkje fått høve til å invitera oss sjølve på nokon av styremøta til laga. Likevel var det svært vellukka å ha møte for medlemmane i mai om temaplan og nedskjeringar/omprioriteringar. Det var eit godt møte med mykje engasjement. Etter at samarbeidsavtale med Voss Kommune no er i funksjon har Idretts-

og folkehelsekoordinator møtt på fleire av styremøta til VIR. Ein ynskjer samstundes enno tettare dialog omkring viktige spørsmål som har med idretten å gjera.

Medlemstal:

Voss Idrettsråd har 42 medlemsorganisasjonar.

Totalt har me omlag _____ medlemer.

PLANER OG FRAMDRIFT AV IDROTTSRÅDET

Me må etablera gode rutinar for korleis IR og Voss Kommune kan samarbeida. Idrettsrådet må løftast meir fram, når det gjeld idrettspolitiske spørsmål. Ein treng å betra samarbeidet og fokuset på IR`s arbeide.

VIR ynskjer fortsatt kontakt med medlemane og me vil ha fokus på dette i året som kjem.

Styret ynskjer å delta på idrettsrådssamlingar som vert arrangert av kretsen samt Idrettsrådskonferransar. Dette er ein arena der IR kan skaffa seg enno meir kompetanse og få idear til korleis me kan jobba her på Voss med dei sakene/utfordringane me har.

Idrettspolitiske saker - det er viktig at IR får all den informasjon som trengst for å handsama idrettspolitiske saker.

Det er mange saker innafor idretten som vert handsama. VIR ynskjer å væra ein medspelar i slike saker.

Opplæring/haldningsskapande arbeid/

Antidopingarbeid i ungdomsskule og gymnas/

Foredrag til innbyggjarane og idretten i Voss Kommune:

VIR ynskjer å ha eit fokus på haldningsskapande arbeid i skule når det gjeld både antidopingarbeidet og arbeid mot homohets . VIR ynskjer å samarbeida med både ungdomstrinn og gymnas om foredrag innafor desse tema.

VIR ynskjer ein gong i året å arrangera eit foredrag for folket og idretten som kan væra haldningsskapande/informerande av ymse slag.

Voss . __mars 2014

Heidi Olsen Nedkvitne

Randi Knapstad

Inge Arild Lirhus

Terje Græe

Solvår Dolve

Nils Een

Sølvi Løne